



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 990 927 847
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: SALBUØYRA EIGEDOM AS
Forretningsadresse: 6958 SØRBØVÅG

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: John Helge Lunde
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 03.05.2017

Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 08.10.2019



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt			5 000
Annen driftsinntekt		203 562	178 330
Sum inntekter		203 562	183 330
Kostnader			
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	2	97 088	97 085
Annen driftskostnad	1	130 925	94 011
Sum kostnader		228 013	191 096
Driftsresultat		-24 451	-7 767
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt fra foretak i samme konsern		95 230	106 971
Annen renteinntekt		1 203	3 064
Annen finansinntekt		3 634	3 262
Sum finansinntekter		100 067	113 297
Rentekostnad til foretak i samme konsern		4	
Annen rentekostnad		288 378	285 086
Sum finanskostnader		288 382	285 086
Netto finans		-188 314	-171 789
Ordinært resultat før skattekostnad		-212 765	-179 556
Ordinært resultat etter skattekostnad		-212 765	-179 556
Årsresultat		-212 765	-179 556
Årsresultat etter minoritetsinteresser		-212 765	-179 556
Totalresultat		-212 765	-179 556
Overføringer og disponeringer			
Konsernbidrag		-212 765	-179 556



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
Sum overføringer og disponeringer		-212 765	-179 556



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2, 7	2 270 397	2 367 484
Sum varige driftsmidler		2 270 397	2 367 484
Finansielle anleggsmidler			
Lån til foretak i samme konsern	4		3 516 934
Sum finansielle anleggsmidler			3 516 934
Sum anleggsmidler		2 270 397	5 884 418
Omløpsmidler			
Varer			
Fordringer			
Kundefordringer	7	2 599	9 282
Andre fordringer		19 016	26 564
Konsernfordringer	4		106 971
Sum fordringer		21 615	142 818
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	7	353 153	171 361
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		353 153	171 361
Sum omløpsmidler		374 768	314 179
SUM EIENDELER		2 645 165	6 198 597

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

Innskutt egenkapital



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
Selskapskapital	5	1 000 000	1 000 000
Sum innskutt egenkapital		1 000 000	1 000 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	-773 096	-560 330
Sum opptjent egenkapital		-773 096	-560 330
Sum egenkapital		226 904	439 670
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	7	2 337 828	5 664 697
Øvrig langsiktig gjeld	4		
Sum annen langsiktig gjeld		2 337 828	5 664 697
Sum langsiktig gjeld		2 337 828	5 664 697
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		19 020	27 474
Skyldige offentlige avgifter		8 775	8 303
Annen kortsiktig gjeld	4	52 638	58 454
Sum kortsiktig gjeld		80 433	94 230
Sum gjeld		2 418 261	5 758 927
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		2 645 165	6 198 597



Årsrekneskap

2016

Salbuøyra Eigedom AS



Å R S M E L D I N G 2016
SALBUØYRA EIGEDOM AS
Org nr 990 927 847

VERKSEMD OG FORRETNINGSSTAD

Salbuøyra Eigedom AS er eit reint eigedomsselskap. Selskapet er eit heileigd dotterselskap av Gravdalgruppa AS og inngår i konsernet Gravdal AS og underkonsernet Gravdalgruppa AS.

Selskapet si forretningsadresse er Sørbøvåg i Hyllestad kommune.

RESULTAT, LIKVIDITET OG EIGENKAPITAL

Selskapet hadde ein omsetnad på kr 0,2 mill i 2016 og eit årsresultat før skatt på kr -0,2 mill. Årets resultat er omtrent som forventa, og styret vurderar resultatet som tilfredsstillande.

Per 31.12.16 hadde selskapet ein likviditetsbeholdning på kr 0,4 mill. Selskapet si kortsiktige gjeld utgjer ved årsskiftet 3,3 % av samla gjeld i selskapet. Selskapet har ein positiv arbeidskapital (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) på kr 0,3 mill. Styret vurderer likviditeten i selskapet som tilfredsstillande.

Totalkapitalen var ved utgangen av året kr 2,6 mill. Styret gjere merksam på at selskapet sin aksjekapital er delvis tapt pr. 31.12.16. Selskapet har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på kr 0,2 mill, som gjev ein eigenkapitalandel på 8,6 %. Det vises til positivt resultat i konsernet, og til meirverdiar i konsernet sin tomtebase, og ut frå dette vurderer styret selskapet sin eigenkapital som tilfredsstillande.

FORTSATT DRIFT

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om fortsatt drift. Selskapet si gjeld er i hovudsak til selskapet sin bankforbindelse, og er dekkja ved ei langsiktig finansiering. Selskapet sin aktivitet er begrensa til utleige av eit bygg på Sørbøvåg i Hyllestad kommune. Desse forholda ligg til grunn for føresetnaden om fortsatt drift.

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet har ingen tilsette.
Av styret sine 4 medleamar er 1 kvinne.





YTRE MILJØ

Selskapet er opptatt av at den utførte aktiviteten ikkje skal påverke det ytre miljø meir enn nødvendig for denne type verksemd.


Førde, 3. mai 2017


John Helge Lunde
Styreløiar


Audun Kidøy
Styremedlem


Bodil Kidøy Lunde
Styremedlem


Asbjørn Osland
Styremedlem


Sverre Martin Stensæth
Dagleg leiar



Salbuøyra Eigedom AS

Resultatrekneskap

NOTE	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2016	2015
	Salsinntekt	0	5 000
	Anna driftsinntekt	203 562	178 330
	Sum driftsinntekter	203 562	183 330
2	Ordinær avskrivning	97 088	97 085
1	Anna driftskostnad	130 925	94 011
	Sum driftskostnader	228 013	191 096
	Driftsresultat	-24 451	-7 767
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
	Renteinntekt frå føretak i same konsern	95 230	106 971
	Anna renteinntekt	1 203	3 064
	Anna finansinntekt	3 634	3 262
	Rentekostnad til føretak i same konsern	-4	0
	Anna rentekostnad	-288 378	-285 086
	Netto finansresultat	-188 314	-171 789
	ARSRESULTAT	-212 765	-179 556
OVERFØRINGAR			
	Overført til udekka tap	-212 765	-179 556
	Sum overføringar	-212 765	-179 556



Salbuøyra Eigedom AS

Balanse pr. 31. desember

NOTE	EIGEDLAR	2016	2015
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmidler		
2, 7	Bygg	2 270 397	2 367 484
	Sum varige driftsmidler	2 270 397	2 367 484
	Finansielle anleggsmidler		
4	Lån til foretak i samme konsern	0	3 516 934
	Sum finansielle anleggsmidler	0	3 516 934
	Sum anleggsmidler	2 270 397	5 884 418
	Omløpsmidlar		
	Fordringar		
7	Kundefordringar	2 599	9 282
	Andre fordringar	19 016	26 564
4	Fordring på foretak i same konsern	0	106 971
	Sum fordringar	21 615	142 818
7	Bankinnskott, kontantar og liknande	353 153	171 361
	Sum omløpsmidlar	374 768	314 179
	SUM EIGEDLAR	2 645 165	6 198 597





Salbuøyra Eigedom AS

Balanse pr. 31. desember


NOTE	EIGENKAPITAL OG GJELD	2016	2015
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
5	Aksjekapital (1.000 aksjar à kr. 1.000)	1 000 000	1 000 000
	Sum innskoten eigenkapital	1 000 000	1 000 000
	Opptent eigenkapital		
6	Anna eigenkapital	-773 096	-560 330
	Sum opptent eigenkapital	-773 096	-560 330
	Sum eigenkapital	226 904	439 670
	Gjeld		
	Anna langsiktig gjeld		
7	Gjeld til kredittinstitusjonar	2 337 828	5 664 697
	Sum anna langsiktig gjeld	2 337 828	5 664 697
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	19 020	27 474
	Skuldige offentlege avgifter	8 775	8 303
	Anna kortsiktig gjeld	52 638	58 454
	Sum kortsiktig gjeld	80 433	94 230
	Sum gjeld	2 418 261	5 758 927
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	2 645 165	6 198 597


Førde, 3. mai 2017


John Hølgé Lunde
Styreleiar


Bodil Kidøy Lunde
Styremedlem


Asbjørn Osland
Styremedlem


Audun Kidøy
Styremedlem


Sverre Martin Stensæth
Dagleg leiar



Salbuøyra Eigedom AS

Notar til rekneskapen 2016

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg for små føretak.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt resultatførast når den er opptent, normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Utgifter samanstillast med, og kostnadsførast samstundes med dei inntekter utgiftene kan relaterast til. Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vurderast til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Enkelte postar er i samsvar med rekneskapslova vurdert etter spesielle vurderingsreglar. Det vert redegjort nærare for desse nedanfor.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar førast opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjennomført ei uspesifisert avsetjing for å dekke forventa tap.

Skatt

Skattar vert kostnadsført når dei påløper. Skattekostnaden er soleis knytt til det rekneskapsmessige resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar, for eksempel konsernbidrag, vert ført mot eigenkapitalen.

Skattekostnaden omfattar både betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt.

Note 1 – Antal tilsette, godtgjersle mm.

Føretaket er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er ikkje utbetalt godtgjersle til styret eller dagleg leiar i 2016.

Revisor

Godtgjersle i året til Deloitte AS for revisjon og revisjonsrelaterte tenester utgjer kr 8 600.

Godtgjersle for andre tenester utgjer kr 2 400.



Salbuøyra Eigedom AS

Notar til rekneskapen 2016

Note 2 – Varige driftsmidler

	Bygning	Tomter	Driftslausøyre, inventar	Sum
Anskaffelseskost 01.01	2 752 136	834 767	30 000	3 616 903
Tilgang	0	0	0	0
Avgang	0	0	0	0
Anskaffelseskost 31.12	2 752 136	834 767	30 000	3 616 903
Akkumulerte avskrivningar	1 316 506	0	30 000	1 346 506
Bokført verdi 31.12	1 435 630	834 767	0	2 270 397
Årets avskrivning	97 088	0	0	97 088
Økonomisk levetid	25 år		5 år	
Avskrivning	Lineær	Ingen	Lineær	

Note 3 - Skattekostnad

Spesifikasjon av skattekostnad:	2016	2015
Betalbar inntektsskatt	0	0
Skatteeffekt av motteke konsernbidrag	0	0
Endring utsett skatt	0	0
Skattekostnad	0	0

Spesifikasjon av betalbar skatt:	2016	2015
Resultat før skatt	-212 765	-179 556
Anvendelse av fremførbart underskot	0	0
Endring i midlertidige skilnader	-29 702	-44 005
Grunnlag for betalbar skatt	-242 467	-223 561

Nominell skattesats	25 %	27 %
Betalbar skatt i balansen	0	0

Spesifikasjon av midlertidige skilnader:	2016	2015	Endring
Anleggsmidler	-181 319	-211 021	29 702
Underskot til framføring	-591 579	-349 111	-242 468
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel	-772 898	-560 132	-212 766

Skattesats:	24 %	25 %
-------------	------	------

Utsett skatt/utsett skattefordel	-185 496	-140 033	-45 463
Ikkje balanseført utsett skattefordel	185 496	140 033	-45 463
Brutto utsett skattefordel	0	0	0



Salbuøyra Eigedom AS

Notar til rekneskapen 2016

Note 4 – Mellomverande med selskap i same konsern

Fordringar:	2016	2015
Lån til føretak i same konsern	0	3 516 934
Andre fordringar	0	106 971
Sum fordringar	0	3 623 905
Gjeld:		
Leverandørgjeld	0	3 048
Sum gjeld	0	3 048

Note 5 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av ein aksjeklasse.

Eigarstruktur:	Forretnings- kontor	Antal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Gravdalgruppa AS	Førde	1 000	1 000	100 %

Styreleiar John Helge Lunde og styremedlem Bodil Kidøy Lunde eig kvar 41,15 % av aksjane indirekte ved eigarandel i Gravdal AS. Dagleg leiar Sverre Martin Stensæth eig 3,33 %, og styremedlem Asbjørn Osland eig 7,58 % av aksjane indirekte ved eigarandel i Gravdalgruppa AS.

Gravdalgruppa AS er mor i konsern der Salbuøyra Eigedom AS inngår i konsolideringa. Konsernrekneskapen er tilgjengeleg på morselskapet sitt forretningskontor.

Note 6 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01	1 000 000	-560 330	439 670
Årets resultat		-212 765	-212 765
Eigenkapital per 31.12	1 000 000	-773 095	226 904

Note 7 – Fordringar og gjeld

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år	2016	2015
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 143 789	1 820 844
Gjeld sikra ved pant	2 337 828	5 664 697
Pantsatte eigedelar:		
Fast eigedom	2 270 397	2 367 484
Kundefordringar	2 599	9 282
Bankinnskot	353 153	171 361
Sum	2 626 149	2 548 128

Gravdalgruppa AS har stilt kausjonsansvar for selskapet sin bankforbindelse med kr 1 500 000.



Deloitte.

Deloitte AS
Hafstadvegen 25
NO-6800 Førde
Norway

Tel: +47 57 72 13 80
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Salbuøyra Eigedom AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Salbuøyra Eigedom AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 212 765. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i Revisor si oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Presisering

Utan at det har betydning for konklusjonen i avsnittet over, vil vi presisere at meir enn 50 % av selskapets aksjekapital er tapt. Vi viser til omtale i årsmeldinga.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS



ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta, og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette og å bruke føresetnaden om at drifta kan halde fram med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle selskapet eller å avslutte drifta, eller ikkje har noko anna realistisk alternativ.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.



Deloitte

side 3

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 3. mai 2017

Deloitte AS

Leif Kilnes

statsautorisert revisor